Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr. 7

Emne: Skav

Oppskr. av: Trygve Vinje

(adresse): Frette

Fylke: Hordaland

Herad: Etne

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Lars Sæbö frå Eidfjord i Hardanger var krötterhandlar og var jamt i Etne og kjöpte kyr og andre krötter. Han ville helst kjöpa kyr, uksar og ungfe som hadde fått skav om vinteren for dei var triveleg(are) og mjölka meir og åt seg feitare enn dei som ikkje hadde fått skav.

2. Ingen kan fortelja om noko slag skadeverknad av skav.

3. Skavmjölk var farleg for nyfödde lam og kje, men ikkje for kalvar

4. Dei som skav mykje, byrja gjerne med å gjeva eitt mål til dagen. Men då det leid ut på etervinteren og foret minka, gav dei jamt eitt mål skav og eitt mål sveg dagleg med litt halm til - og så berre eitt mål høy

6. I Etne bruka dei skavljå som dei stötta på ein stolpe som sakk på Galvet og opp under beten.

9330

Somme feste gjorne ein trestikk på svegestolpen som dei stötta stavgåen mot.

7. Dei som ittje hadde „mork" d.v.s skavskog - kjöpte jamt. Betalinga var antan i pengar elle arbeid.

8. Det fanst entå garden der ein bruka eig markaskog og svegskog på annan manns grunn. Svegskog vil sia kjörkeskog

10. Husmennene fekk berre nogga skavskog etter utvising og særskilt løyve i utmarka åt brukeiere. Men skavskogen på innmarka på det plasset der dei budde, rådde dei med som dei ville.

11 Skavhella er ukjent her

12 Ukjent.